



Ålfotbreen
verneområde

Møteinnkalling

Utval: Ålfotbreen verneområde
Møtestad: Teams
Dato: 13.01.2025
Tidspunkt: 10:00

Eventuelt forfall må meldast snarast til verneområdeforvaltar. Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 1/25	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 2/25	Val av styremedlem som skal signere protokoll		
ST 3/25	Ålfotbreen verneområdestyre - Utgreiing av organiseringa av forvaltarane		2024/18205
ST 4/25	Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2025		2019/2582
ST 5/25	Eventuelt		

ST 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste
ST 2/25 Val av styremedlem som skal signere protokoll



Arkivsaksnr: 2024/18205-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 02.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	3/25	13.01.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - Utgreiing av organiseringa av forvaltarane

Innstilling frå forvaltar

Forvaltar har ikkje innstilling i saka

Saksutgreiing

Dokument i saka:

- Brev frå KLD 5.desember 2024 om utgreiing av organisering av forvaltarane
- Internt notat frå verneområdeforvaltar om organisering av forvaltarane.

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet sendte ut eit brev 5.desember 2024 der dei informerte om at organiseringa av verneområdeforvaltarar skulle utgreiast, og inviterte til eit innspelsmøte på teams 21.januar. Ålfotbreen verneområdestyre diskuterte brevet i styremøte 6.desember, og ba då om å få saka opp som ei styresak i styremøte før teamsmøte 21.januar.

Saksopplysningar

Verneområdeforvaltar har, på oppdrag frå styret, skrive eit internt notat om organiseringa og utgreiinga som vart sendt til styret seinare i desember.

Det er viktig å presisere at notatet og vurderingane der er frå verneområdeforvaltar sin ståstad og perspektiv. Invitasjonen til teamsmøtet rettar seg til styret, og der er det styret som skal kome med sine synspunkt. Styret kan ha anna syn enn forvaltar på korleis ting fungerer.



Det er og viktig å presisere at denne prosessen er i veldig tidleg fase og at sjølve utgreiinga ikkje er starta enno. I denne omgang er det derfor innspel til kva utgreiinga skal innehalde og gå gjennom som er det viktigaste å spele inn.

Viser elles til notatet for utfyllande informasjon om dagens organisering.

Handsaming i møtet

Styret diskuterer utgreiinga og kva bodskap styret eventuelt skal spele inn i teamsmøte 21.jan. Kvart styre har inntil to minutt taletid.



Arkivsaksnr: 2019/2582-0
Sakshandsamar: Alf Erik Røyrvik
Dato: 02.01.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Ålfotbreen verneområdestyre	4/25	13.01.2025

Ålfotbreen verneområdestyre - møteplan for 2025

Innstilling frå forvaltar

Styret fastset datoar for styremøte 2/2025, 3/2025, 4/2025 og 5/2025.

Saksutgreiing

Ålfotbreen verneområdestyre skal sette opp møteplan for 2025. Det vert lagt opp til totalt 5 møter i 2025. Det første er på teams 13.januar, dei andre møta vert i utgangspunktet lagt opp som fysiske møte.

Forvaltar har gått gjennom dei politiske møtekalenderane for alle kommunane og fylkeskommunen, og freista å finne aktuelle datoar til dei ulike møta som ikkje kolliderer med politiske møte.

Møte 1-2025:

13.januar på teams

Møte 2-2025:

Aktuelle datoar:

14.2	28.2	10.3
24.2	3.3	14.3
25.2	4.3	17.3
26.2	7.3	21.3



Møte 3-2025

Aktuelle datoar:

5.5	22.5	11.6
6.5	23.5	13.6
7.5	26.5	20.6
9.5	28.5	23.6
12.5	30.5	24.6
13.5	2.6	25.6
16.5	3.6	27.6
19.5	6.6	

NB: Møtet kan bli lagt i samband med ein studietur. I so fall bør styret finne 2-3 samanhengande dagar til den studieturen.

Møte 4-2025

Aktuelle datoar:

8.9	19.9	29.9
9.9	22.9	30.9
20.9	24.9	
12.9	26.9	

Møte 5-2025

Aktuelle datoar:

17.11	26.11	5.12
18.11	28.11	8.12
21.11	1.12	12.12
24.11	2.12	15.12
25.11	3.12	

Handsaming i møte

Styremedlemmene bør sjå gjennom datoane på førehand og notere seg kva dagar som går og ikkje går. So finn vi i fellesskap datoar i møtet, som passar for alle eller so mange som mogeleg.

ST 5/25 Eventuelt